



## Foreldrerettleiing

# Tidleg Innsats Barn i Risiko (TIBIR) for Hareid, Herøy, Sande og Ulstein

TIBIR står for «Tidleg innsats for barn i risiko», PMTO står for «Parent management training Oregon» og er program for førebygging og behandling av åtferdsproblem hos born.

TIBIR er eit tilbod om rettleiing til foreldre med born i alderen **3 til 12 år**, der borna har utvikla, eller står i fare for å utvikle åtferdsproblem.

Det interkommunale TIBIR tilbodet er eit samarbeid mellom barnevern, PPT og helsestasjon ved at det er desse instansane som kan tilvise til PMTO behandling, og som får tilbod om TIBIR-opplæring.

**Målsetjinga** med TIBIR er å førebygge og avhjelpe åtferdsproblem på eit tidleg tidspunkt, samt å bidra til å utvikle born sin positive åtferd.

Vidare er det eit mål å gi fagpersonell ei felles oppfatning av korleis åtferdsproblem oppstår, og korleis problema kan førebyggast eller behandlast.

### TIBIR omfattar seks ulike tilbod

I våre kommunar har vi:

- **Kartlegging** - for å identifisere begynnande eller allereie utvikla åtferdsproblem
- **Foreldrerådgiving** - retta mot foreldre til barn som står i fare for å utvikle åtferdsproblem
- **PMTO** – eit behandlingstilbod for foreldre til born med åtferdsproblem

Foreldre som ønskjer tilbod kan ta kontakt med helsestasjon, PPT eller barneverntenesta i sin kommune.

#### **PMTO-terapeutar:**

Kristin Sæther: [kristin.sather@ulstein.kommune.no](mailto:kristin.sather@ulstein.kommune.no)  
Tlf.: 469 51 825

Gry G. Jonberg: [gry.gronmyr.jonberg@ulstein.kommune.no](mailto:gry.gronmyr.jonberg@ulstein.kommune.no)  
Tlf.: 481 68 230

Post adr:  
PMTO  
PB 143  
6067 ULSTEINVIK

For meir informasjon sjå: [www.pmtto.no](http://www.pmtto.no)

